



Myking Bygdelag Trivselsgrenda
Øyvind Sæbø
Mykingvegen 1342
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2370 - 17/22174

Saksbehandlar:
Arne Helgesen
HELA@lindas.kommune.no

Dato:
09.08.2017

Vedk. vatn og avløpsgebyr for grendahuset på Myking gbnr. 38/38

Eigedom: Gbnr. 38/38 i Lindås kommune
Adresse: Mykingvegen 1157
Eigar: Myking Interesselag
Gebyr: Vatn og avløp

INFORMASJON OM PLIKT TIL BETALING AV KOMMUNALE VASS- OG AVLØPSGEBYR – GBNR 38/38 Myking grendahus

Lindås kommune har tatt i bruk eit nytt digitalt verktøy for registrering av kommunale gebyr for vatn og avløp. I samband med dette har vi registrert at din eigedom på gbnr 38/38 ikkje er registrert med gebyr.

Lindås kommune vil informere om at din eigedom er lagt inn i vårt system og at du vil få tilsendt faktura på minstegebyr for vatn og avløp i samsvar med til ei kvar tid gjeldande gebyrforskrift for kommune. Gebyrforskrifta finn du på kommunen si heimeside:

<http://www.lindas.kommune.no/prisar.309686.nn.html>

Gebyret vert fakturert med verknad frå 01.01.2014 (tre år tilbake i tid etter rekneskapslova).

For grendehus skal det installerast vassmålar slik at ein kan fakturere målt forbruk. Huseigar må sjølv koste dette. Ta kontakt med røyrleggjar for å få dette utført.

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg gjev kommunen rett til å krevje gebyr for kommunale vass- og avløpstenester.

Dersom du meiner at gebyret ikkje er korrekt, ber vi om skriftleg tilbakemelding innan 4. september 2017.

Vi gjer merksam på at utsending og betaling av faktura ikkje inneber noko godkjenning av påkopling til offentlig vatn- og avløpsnett etter reglane i plan- og bygningslova og/eller dei standard abonnementsvilkåra for vatn og avløp som gjeld for Lindås kommune. Det same gjeld for



bruksendring av bygning utan at det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova, t.d. frå fritidsbustad til heilårsbustad.

For spørsmål kan De ta kontakt med underteikna:
Arne Helgesen: arne.helgesen@lindas.kommune.no
Tlf: 56 37 56 69

Med helsing

Arne Helgesen
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Myking Bygdelag Trivselsgrenda

Mykingvegen 1342 5957

MYKING